



Hordaland Fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 18/453 - 19/20458

Saksbehandlar:  
Randi Helene Hilland  
randi.hilland@meland.kommune.no

Dato:  
01.10.2019

## Reguleringsplan for Meland kyrkjegard - 2. gongshandsaming

Vedlagt følgjer vedtak.

*Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningslova (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

Randi Helene Hilland  
konsulent

Andre mottakarar:  
Hordaland Fylkeskommune

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Lennart Falkenberg-Arell	PlanID-125602018 0002, Plannavn-Endring Meland kyrkje, Komnr-1256, Gbnr-17/4, FA-L13	18/453

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
79/2019	Utval for drift og utvikling	PS	03.09.2019
48/2019	Kommunestyret	PS	25.09.2019

## Reguleringsplan for Meland kyrkjegard - 2. gongshandsaming

### Vedlegg:

Arkeologiskrapport\_Rapport 30 2018  
Elvemusling\_13.06.2017  
Føresegner\_12.04.2019  
G-03 Drenering av gravfelt\_26.11.2003  
Hovudplan\_Utviding Meland kyrkjegard\_22.01.2001  
Illustrasjonsplan\_18.03.2018  
Kart\_omlegging\_veg\_09.10.2018  
Kart\_planogprofil\_15.10.2018  
Plankart\_18.03.2019  
Planskildring\_12.04.2019  
Rapport\_moglegheitstudie utviding Meland kyrkjegard\_26.09.2017  
ROS-analyse\_versjon 2\_12.08.2019  
VA-rammeplan\_12.04.2019  
Fråsegn til reguleringsplan for Meland kyrkjegard

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

På oppdrag frå Meland kommune legg Asplan Viak AS fram forslag til endring av reguleringsplan for Meland kyrkjegard. Detaljreguleringa er ei endring av eksisterande reguleringsplan for Meland kyrkje og gravlunder med omegn i Meland kommune, vedteke 05.02.1992. Planområdet ligg mellom Erstad

i nordvest, Bjørnestad i nordaust og Dale i sør.

Plangrensa følgjer avgrensing for gjeldande reguleringsplan i aust. I sør følgjer plangrensa vestre del av eldre gravplass ved fv. 244, Melandsvegen. I nord tar planen med areal satt av til framtidig grav- og urneland i kommuneplanens arealdel 2015, og areal satt av til LNF fram til bekk. I nord er det teke med areal for å leggja om Bjørnestadvegen nord for gravplassen slik intensjonen er i gjeldande reguleringsplan. For å sikre areal til midlertidig anleggsområde ved etablering av ny veg og gravplass, er plangrensa trekt til bekk i dalbotnen.

### Kort om planforslaget

Bakgrunnen for planarbeidet er kravet frå LOV-1996-06-07-32 Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravferdsloven) om at kommunen til ei kvar tid skal ha ledige gravplassar til 3% av innbyggjarane, jf. § 2 første ledd. Kommunen er no i den situasjon at det må etablerast nye område for utviding av gravplassen for å tilfredstille dette kravet. Det er eit ynskje frå kommunen si side at utvidinga skal romme om lag 600 graver. Tilrådinga føreset at det vert lagt til rette for parkeringsplass på høgde med arealet for utviding og ny veg opp til den nye gravplassen for å sikra universelt tilgjenge. Planarbeidet skal òg leggje til rette for at Bjørnestadvegen, som i dag går gjennom kyrkjetunet, vert lagt om.

For nærare opplysningar om planforslaget vert det vist til planomtalen og saksframstilling til 1. gongs behandling i UDU, som ligg vedlagt saka.

### Planprosess

Planforslaget var til 1. gongs handsaming i Utval for drift og utvikling (UDU) 07.05.2019, som sak 41/2019. UDU vedtok då å leggje planforslaget ut til offentleg ettersyn i medhald av Plan- og bygningsloven § 12-10.

Planforslaget var til offentleg ettersyn og høyring i tidsrommet 28.05.2019 – 09.07.2019. Det kom inn 6 merknadar til planforslaget frå private grunneigarar/naboar og 4 uttalar frå offentlege høyringsinstansar. Gjennomgang av merknadar med kommentar, følgjer under.

Merknadar og uttalar i samband med offentleg ettersyn				
Nr	Avsendar	Hovudpunkt i merknad/uttale	Forslagsstiller sin kommentar	Rådmannen si vurdering
1	Statens vegvesen, datert 21.06.19	1.Statens vegvesen vurderer at planframlegget med å oppretthalde dagens tilkomst til kyrkja og gravplassen frå sør gir ei uryddig løysing. Dei skriv at løysinga gjer at det vil verte uønskt biltrafikk over areal med ulike funksjoner, her under gangtrafikk, frå parkeringsplassen og fram til kyrkja fordi trafikk til gravplassen må køyre på strekninga.	1.Det er rett at planforslaget opprettheld blanda trafikk for aktiviteter knytt til kyrkja og gravplass på veg o_SV1 mellom parkeringsareal o_SPA2 og fram parkeringsplass o_SPA1 og gravplassen slik som i dag. Nyttetraffic til bustader og gardsbruk nord og aust for kyrkja er flytta til ny Bjørnestadveg, o_SV3/SV4.	1.Rådmannen sluttar seg til kommentar frå forslagsstiller.

2	Hordaland fylkeskommune, datert 28.06.19	<p>2.Statens vegvesen vurderer at planframlegget ikkje er i samsvar med intensjonane i gjeldande reguleringsplan, slik dei bad om i merknad til planoppstart. Dei ber kommunen endre vegløyninga slik at kyrkje og gravplassen får tilkomst frå ny Bjørnstadveg i nord, og gåande frå parkeringsplassen til kyrkja får redusert konflikt med køyrande.</p> <p>3. Vidare skriv dei at kryss mellom fv. 244 og Bjørnstadvegen regulerast med svingradius på minst 6 meter, og frisikt på 6m x 54m, som nemnd i deira e-post den 18.10.2018.</p> <p><u>Kulturminne og kulturmiljø</u> Riksantikvaren vurderer det slik at tiltak som følgje av reguleringsplanen ikkje vil medføre fare for utilbørleg skjemming av mellomalderkyrkjestaden jf. kulturminnelova § 3.</p>	<p>2. Planforslaget er ikkje identisk med løysingane i gjeldande reguleringsplan frå 1992. Planforslaget tar ikkje med seg omlegging av Fv 244, men bygger opp om intensjonane om å etablere ny veg inn til Bjørnstad, utan at den skal vere tilkomst til kyrkje og gravplass. Etter kyrkja sitt ønske om å betre dei trafikale tilhøva rundt kyrkja, legg planforslaget opp til at ein skil framtidig trafikk til kyrkja frå gjennomgangstrafikken til Bjørnstad. Denne vegen gjer tilhøve betre for vegfarande til Bjørnstad, då dei ikkje lengre må køyre gjennom «kyrkjetunet». Det er vurdert at den vegløyninga som er vist i reguleringsplan frå 1992, her under tilkomst til den nye delen av kyrkjegarden ikkje let seg gjennomføre slik den er vist. Forslag til løysing i planframlegget vil gi monaleg mindre terrenginngrep og betre stigningsforhold.</p> <p>3. Det er lagt til grunn avkøyring og ikkje kryss i planforslaget. Planforslaget med ny avkøyring frå dagens fv. 244 vil ikkje vere til hinder for at kryss i framtidig vegsystem kan etablerast og koplast til framtidig fv. 244 slik dersom reguleringsplan frå 1992 blir gjennomført.</p>	<p>2. Arealavsett til parkering i gjeldande reguleringsplan frå 1992 ikkje er eigna grunna grunnforholda. Parkeringsplass kjem óg i konflikt med ein sidebekk til Mjåtveitvassdraget. Ny føreslegne parkeringsplass medføre at ein ikkje treng å øydeleggja verdifullt jordbruksareal som er ein viktig del av kyrkjegardens kulturmiljø.</p> <p>3.Rådmannen sluttar seg til kommentar frå forslagsstillar.</p>
---	--	---	---	---

		<p><u>Automatisk freda kulturminne</u> Fylkeskonservatoren meiner det er uheldig at planområdet ikkje blir utvida då ein i ny plan legg opp til ein vidareføring av Bjørnstadvegen slik den er regulert i planen frå 1992. Planen frå 1992 er ein eldre plan og tar ikkje tilstrekkeleg omsyn til kulturmiljøet av høg regional verdi og nasjonale interesser i området. I tillegg er ikkje kulturminnelovas krav om undersøking jf. § 9 oppfylt. Ei rullering av heile planen frå 1992 er etter deira syn nødvendig for å betre å ivareta kulturmiljøet i området.</p> <p><u>Nyare tids kulturminne</u> 1. Fylkeskommunen har avgjerande merknader til omlegging av Bjørnstadvegen, då denne vil komme i konflikt både med kyrkja og den gamle gravplassen (omsynssone H570_1) og det samla kulturmiljøet.</p> <p>2. For området omtala som kyrkjetunet, aust for kyrkja ligg tilhøva godt til rette for at ein med nokre enkle grep kan forbetre situasjonen ytterlegare, slik at ein reduserer konflikten</p>	<p><u>Automatisk freda kulturminne</u> Plangrensa er ikkje utvida i sørvest då det ikkje er aktuelt å regulere omlegging av Fv 244 og ny parkeringsplass vist i gjeldande plan frå 1992. Planforslaget bygger opp om intensjonane i gjeldande plan om å etablere ny veg inn til Bjørnstad, men ikkje til kyrkja/gravplassen. Føremålet med planforslaget er å legge til rette for utviding av gravplassen på Meland med ny veg og parkeringsplass til øvre nivå, og ny tilkomst til Bjørnstad. Det er naturleg at området og kulturmiljøet knytt til Meland gamle kyrkjestad blir sett på i samband med eventuell omlegging av fv. 244 etter gjeldande eller ein revidert reguleringsplan.</p> <p><u>Nyare tids kulturminne</u> 1. Tilkomstveg o_SV3 vil ikkje gi dominerande inngrep. Vegen vil ha lavt trafikknivå. Regulert vegbredde er 3,5m, og det er lagt inn møteplassar med tilstrekkeleg møtesikt. Det er vidare i føresegnene stilt krav om at det i anna veggrunn mellom o_SV3 og o_BGU1 skal opparbeidast som ei buffersoner mot gravplassen, med eigna vegetasjon, til dømes hekk.</p> <p>2. Tatt til orientering. Gjennom planprosessen har det, frå Kyrkja, Meland kommune og grunneigarar, vert eit uttrykt ønske om å skilje trafikk til</p>	<p>Ein oppheving av resterande delar av reguleringsplan frå 1992, vil imøtekomme fylkeskonservator sine merknadar.</p> <p>1.Rådmannen sluttar seg til kommentar frå forslagsstillar.</p> <p>2/3.Visar til forskrifta til gravferdslova F10.01.1997 nr 16, jf. § 7 tredje ledd første punktum: <i>«Det skal være god framkomm- elighet</i></p>
--	--	--	--	---

		<p>mellom køyrande og gåande. Då vil ein òg kunne behalde dagens køyretrasé for Bjørnstadvegen.</p> <p>3. Fylkeskommunen finn at tilkomsten til drift av gravplassen frå o_SV3 ikkje er naudsynt dersom ein fjernar eller flyttar den garasjen som ligg i nordaust-enden av gravplassen.</p> <p><u>Konklusjon</u> Fylkeskommune vurderer å tilrå motsegn. Grunngjevinga er omsynet til kulturminne av vesentleg regional og nasjonal verdi. Plankartet slik det føreligg tek ikkje vare på omsynet til kulturminne i tilstrekkeleg grad og bør endrast i tråd med deira merknader. Dei ber no om: - Drøftingsmøte med kommunen så snart som råd. - Utsett frist til 17.09.2019</p>	<p>kyrkja/gravplassen og nyttetraffikk til tilstøytande eigedomar.</p> <p>3. Tatt til orientering. Foreslått løysing har ikkje vert vurdert i planprosessen, og konsekvensane, m.a. for garasjen, terrengtilhøve og nærliggande graver må vurderast nærare før ein konkluderer. Ei anna løysing er å oppretthalde dagens ordning med tilkomst direkte frå fv. 244 på sørsida av kyrkjegarden.</p> <p><u>Konklusjon</u> Planforslaget vil ikkje ha negativ konsekvens for den freda gravplassen som ligg sørvest for planområdet. Gravplassmuren skal takast vare og ligg innanfor omsynssone H570_1. jf. føresegna skal gravplassen sin form, funksjon og inndeling i felt bevarast. Vidare står det i føresegna at gravplassmuren skal takast vare på, og ved naudsynt utskifting og reperatur skal ein nytta same material som originalt eller tilsvarande. Det er også i føresegna stilt krav om at det skal i anna veggrunn mellom o_SV3 og o_BGU1 opparbeidast som ei buffersone mot gravplassen, med eigna vegetasjon, til dømes hekk. Tiltaka er vurdert ikkje å ha negativ konsekvens for Meland kyrkje med gravplass. Det er kalla inn til drøftingsmøte</p>	<p><i>for bårereprosesjon, publikum og teknisk utstyr til alle gravfelt, men vegsystemer skal ikke legges til rette for gjennomgangs-traffikk.».</i> Ved omlegging av Bjørnstadvegen vil tilkomstvegen til kyrkja, o_SV1, innfri desse krava. Vidare er eit av hovudformåla til planforslaget å regulere ei løysing som hindrar gjennomgangstrafikk, som i dag er til ulempe for aktivitetar knytt til kyrkja. Når det gjeld ny tilkomst til drift frå o_SV3 er den regulert på eit område steingarden er øydelagt. I samband med bygging av o_SV3, kan resten av steingarden reparerast som eit trafikktryggingstiltak.</p>
--	--	--	---	--

			16.08.2019. Meland kommune har gitt utsett høyringsfrist.	
3	Bergen Hamn, datert 11.07.19	Bergen Havn kan ikke se at planen berører kommunen sitt sjøområde og har dermed ingen merknader i saken.	Tatt til orientering.	
4	Fylkesmannen i Vestland, datert 06.08.19	<p><u>Vassdrag</u></p> <p>1. Fylkesmannen meiner at ein i størst mogleg grad må hindre avrenning til bekken nord i planområdet som er ei sidegrein til Mjåtveitvassdraget. Det er ei målsetjing gjennom vassdirektivet at vassdraget skal ha god økologisk tilstand. (Det er på sikt planer om å reetablere elvemuslingar til vassdraget). Fylkesmannen vurderer at det er særleg viktig at riggområde #1 held god avstand til bekkane i planområdet: Riggområde må trekkast vekk frå bekk som ligg sørvest i riggområde #1. Det er ei fordel om det er mogleg å trekkje H560 enda litt lenger sørover.</p> <p>2. Fylkesmannen rår også Meland kommune til å gå i dialog med grunneigar for å drøfte moglegheiter for å reetablere naturleg kantvegetasjon langs desse sidebekkane til Mjåtveitelva. Det kan eksempelvis vere høve å gje SMIL-tilskot gjennom landbruket til eit slikt tiltak.</p> <p>3. I anleggsperioden er det også viktig at tiltakshavar har kontroll på avrenning og at det vert igangsett tiltak om det vert oppdaga avrenning til vassdraget.</p>	<p><u>Vassdrag</u></p> <p>1. Riggområdet #1 er avgrensa m.a. for å kunne handtere gravemassar lokalt innanfor planområdet. Ved bruk av #1 til lokal massehandtering må dei forhold som merknaden tar opp takast i vare i eigen tiltaksplan. Omsynssone H560 vist i planforslaget følgjer same avgrensing som sona har i KPA.</p> <p>2. Tatt til orientering. Dette må følgast opp av Meland kommune som del av planar for gjennomføring av reguleringsplanen, her under bruk og ferdigstilling av L1, jf. pkt. 1 over.</p> <p>3. Jf. Naturmangfaldlova § 12 er det gitt retningslinjer om at det skal velgest teknikkar, driftsmetodar og lokalisering som gir det beste samfunnsmessige resultatet, der omsyn til naturmangfaldet er en viktig faktor. Kommunen vil sette krav om</p>	<p>1. Ein kan sikra tiltak mot avrenning mot vassdraget ved detalj-prosjekteringa av VA-rammeplan, og som eit punkt under plan for gravplassen. Ein geoteknisk vurdering vil avdekka kva avbøtande tiltak som må gjerast for å hindra avrenning til vassdraget. Rådmannen vurderer at det ikkje vil vere naudsynt at riggområde #1 må trekkast lengre vekk frå bekkene. H560 kan evt trekkjast litt sørover.</p>

		<p><u>ROS- analyse</u></p> <p>1. Fylkesmannen meiner at kommunen må klargjere og rette opp ROS-analysen. Dei er usikker på kva akseptkriterier som er lagt til grunn fordi tabell 2 og 8 ikkje samsvarer. Dei gjer kommunen merksam på at det vert akseptert sært høg risiko i tabell 8. Fylkesmannen viser til gul farge på S3 og K4, med meir enn ei hending kvart 50 år der ein kan forvente 2 døde og/eller 5 alvorleg skadde.</p> <p>2. I ROS-analysen er det vurdert at skogbrann er den einaste relevante risikoen. I vurdering av brannfare i ein ROS-analyse bør ein rådføre seg med brannsjef i kommunen. Det kjem ikkje klart fram om dette er gjort.</p>	<p>tiltaksplanar for ulike forhold som del av plangjennomføringa.</p> <p><u>ROS- analyse</u></p> <p>1. Tatt til følgje. ROS-analysen blir revidert og retta opp. Akseptkriteria som er lagt til grunn er mottatt frå Meland kommune. Det er eigen matrise/ klassifisering av sannsyn for naturhendingar, som har større intervall enn andre hendingar.</p> <p>2. I vurderingar av brannfare er det konsultert med Meland kyrkje ved Kyrkjeverge. Tar til følgje merknad og skal rådføre oss med brannsjef.</p>	
5	<p>Kjell Arne Bjørnstad, Bjørnstadvegen 316, datert 25.06.19</p>	<p>1. Ved bygging av ny veg vert oppkøyringa frå bnr. 14 kanskje endra. Ber om at ny avkøyring til teigen blir etablert.</p> <p>2. Skulle det vise seg at ved utvidinga ved kyrkja at det blir for mykje overskotsmasser, kan den brukast til ein flatare vegskråning langs Bjørnstadvegen.</p>	<p>1. Tatt til orientering. Avkøyring til teigen vil bli ivaretatt gjennom opparbeidingsfasen.</p> <p>2. Tatt til orientering. Overskotsmasser vil bli søkt brukt lokalt, bl.a. til forbetring av landbruksareal.</p>	
6	<p>Kjell Arne Bjørnstad, Bjørnstadvegen 316, datert 25.06.19</p>	<p>1. Ein forstår at grunnvann-overvann skal flyttast frå sør til nord til Bjørnstad for avrenning med eit 8-10 tommers rør. Dersom dette stemmer må det leggjast eit 8-10 tommers rør over gr. 17. br. 14 fram til bekk-elv, då det nye grøftesystemet på nr 14 berre er 79 m.m. som er for lite til mottak frå ein 88-10</p>	<p>1. Overvatnet er tenkt ført hovudsakleg mot nord. Om noko må leiast mot sør skal det gjerast berre via magasin for fordrøying, slik at tilsig til vassdrag ikkje blir endra. Overvatn handterast innan planområdet ved hjelp av ulike tiltak som t.d. grøfter, sluk, sandfang og magasin for fordrøying.</p>	



		<p>tommer.</p> <p>2. Til orientering er bruk nr 17 gr. 18 Meland kommune – den tidlegare fråskilte parsell – frå bruk nr. 5 i 1992, er grensemerka – målebrevet på øvre side av vegen til Bjørnestad.</p> <p>1. Opplysar om at avrenning frå gravplassane i dag er slik at alt renn direkte ut i dei gamle store kistegrøftene som er under gravplassane og vidare rett ut i opne bekker/ elvar i området. Vedlagt kart som viser oppmerka gamle kistegrøfter.</p> <p>2. Opplysar vidare om at det nye området for gravplass har i dag det meste avrenning mot vest, og noko mot sør, noko av den nordlige området går mot nord.</p> <p>3. Ber om at all avrenning frå gravplassane vert bygd med eit forslaget renseanlegg som vil fungere for notida og framtida. Avrenninga som til tider har kome ut i bekken som renn ut i frå gnr. 16, bnr. 4 og 2 har til tider vore ekstremt. Dette renn så vidare ut i elva som renn mot Dalevatnet og Mjåtveitelva.</p>	<p>Det er ikkje vist noko løysing inne på gnr. 17, bnr. 14. Sjå VA-rammeplan med teikningar for ytterlegare skildring av forslag til løysing.</p> <p>Utarbeida VA-rammeplan skal vere styrande for det vidare arbeidet med detaljprosjekteringa. I detaljprosjekteringa skal utforming og plassering av ulike kommunaltekniske anlegg fastsetjast.</p> <p>2. Tatt til orientering.</p> <p>1. Tatt til orientering.</p> <p>2. Tatt til orientering. VA-rammeplan peikar på problem med overvatn nord for planområdet.</p> <p>3. Overvatn handterast lokalt på eigedomen ved hjelp av grøfter, sluk, sandfang og fordrøying. Overvatnet er tenkt leia hovudsakleg mot nord. Om noko må leiast mot sør skal det gjerast berre via fordrøying. Sjå VA-rammeplan med teikningar for ytterlegare skildring av forslag til løysing. Detaljprosjekteringa vil ivareta endeleg løysing.</p>	
7	<p>Naboeigedomar, gnr 16 bnr 4, 2/5, 44, 12/20, gnr 17 bnr 14, 3</p>			

8	Kjell Magne Bjørnstad, gnr. 16, bnr. 4 og 44, datert 03.07.19	<p>4. Naboar ønsker ikkje å ha eit framtidig forurensa område pga. dårlig reinsing av vatn.</p> <p>5. Vedlagt teikna inn rett område som er direkte flaumområdet under mykje nedbør.</p> <p>Ber om at Meland kommune og entreprenør for anleggsarbeidet tek ansvar for at det ved husa til desse to eigedomane er mykje dårleg fjell, med store slepper og råtafjell, som kan ev. kan rasa ut ved sprenging i området.</p>	<p>4. Det skal i det vidare arbeidet (detaljprosjekteringen) vurderast ulike tiltak for å unngå forureining. Alle tiltak blir prosjektert etter gjeldande regelverk for kyrkjegardar. Drensvatnet er i utgangspunktet ikkje ei forureiningskjelde for naturen.</p> <p>5. Tatt til orientering. Innanfor aktsemdsområde for flaum vist i NVE Atlas sitt kart er det planlagt for landbruk (LNFR) med føresegningsområde «anlegg- og riggområde». Det er ikkje planlagt noko bruk som kjem innunder arealdisponeringa som er skildra i dei ulike sikkerheitsklassane i TEK 17 §7-2, og dermed vil det ikkje utløyse krav til full flaumsonekartlegging med talfesta risiko på flaumfaren. Sjå VA- rammeplan med teikningar for ytterlegare skildring av forslag til løysing.</p> <p>Tatt til orientering.</p>	
9	Grunneigarar gnr. 16, bnr. 4 (Bjørnstad), gnr. 17, bnr. 3 (Walde og Kippersund), gnr. 16, bnr. 44 (Bjørnstad og Monstad)	<p>1. Ber om at vassleidning vert lagt om på ein slik måte at den skal levera vatn til dei som er med på privat felles anlegg. Vedlagt eksempel på kart for omlegging.</p>	<p>1. Eventuell omkopling av vassleidning til private bustader vil bli handtert i detaljprosjekteringa av anlegget. VA-rammeplanen legg opp til etablering av framtidig kommunal vassleidning i ny veg mot Bjørnstad og ikkje i eksisterande veg som vist i vedlagt kart til merknad.</p>	

		<p>2. Dei kan ikkje godta tilkopling av kommunalt vatn då det ikkje vert levert trykk nok opp til husa deira samt at det må vere ein fordel for kommunen at dei som har god privat vasstilførsel fortsatt kan bruke dette pga. høg bustadutbygging i kommunen. Dette gjer at dagens kommunale vassleidning får avlastning på eit allereie høgt belasta anlegg.</p> <p>3. Etter KS sine forskrifter har ikkje kommunar rett til tvangspåkopling av vassforsyning når dei har forsvarleg drikkevasskjelde med høg kvalitet og eit godt trykk med sjølvfall. Her er og ein garanti/sikker på at dei alltid har vatn. Kommunalt vatn er ein usikkerhet, då det er straumbrot i området og det må brukast pumpe.</p>	<p>2. Privat vassleidning er i konflikt med utviding av gravplass og er av den grunn tilrådd knytt til kommunalt nett. Endeleg løysing må avklarast mellom Meland kommune og dei enkelte grunneigarar i vidare prosess fram mot anleggstart. Kapasitet og trykk på offentlig leidningsnett må vurderast i detaljprosjekteringa.</p> <p>3. Tatt til orientering. Dette er eit forhold som må avklarast mellom Meland kommune og dei enkelte grunneigarar.</p>	
10	Vidner og Wilsgaard, Bjørnstadvegen 233, datert 09.07.19	<p>1. Er uroa for vatn og forureining frå myr og området for utvidinga av gravplass, spesielt mot vest på oppsida av deira eigedom som vil grense mot gravplassen.</p> <p>2. Dei er i dag plaga med mykje vatn som kjem ned frå området for ny gravplass. Merknaden viser ei skisse som viser kor vatnet kjem frå i dag. Store vassmengder ved nedbør gjer at hagen er til tider ikkje mogleg å bruke. Det blir også mykje overvatn som til vaskar ut innkøyringa frå Bjørnstadvegen. Det kjem så mykje vatn at danna seg ein bekk i sørvestre hjørne av tomten.</p>	<p>1. Det skal i det vidare arbeidet (detaljprosjektering) vurderast ulike tiltak for å oppnå ei viss reinsing av drensvatn frå graver. Filtergrøfta eller anna som vert etablert skal ha ein reinsande effekt på drensvatnet før vatnet vert spreidd til terreng eller vassdrag.</p> <p>2. Tatt til orientering. VA-rammeplan peikar på problem med overvatn frå planområdet. Overvatnet er tenkt ført hovudsakleg mot nord. Om noko må leiast mot sør skal det gjerast via magasin for fordrøyning, slik at tilsig til vassdrag ikkje blir endra.</p>	

	<p>3. Dei viser til samtale med Ingrid Thorsen i miljøavd. hos Fylkesmannens. Thoresen bemerker viktigheten av at kommunen påser at nye og gamle kistegrøfter fungerer skikkelig. Gamle kistegrøfter har gjerne allerede begynt å gå tett. Det stilles bl.a. også klare krav til mulighet til inspeksjon og spyling/rengjøring av drenering.</p> <p>4. Ber Meland kommune påser at det blir utført grundige konsekvensutredninger og sikrer god rensing og drenering av området.</p>	<p>3. Tatt til orientering. Tilsig til terreng/vassdrag skal ikkje endrast grunna tiltak i planområdet. Vil bli tatt i vare gjennom etterfølgande detaljprosjektering.</p> <p>4. Tatt til orientering. Konsekvensutredning knytt til reguleringsplanen peikar m.a. på handtering av overvatn. Dette er og omtalt i VA-rammeplanen, og vil bli følgt opp i vidare detaljplanlegging av kommunalteknisk infrastruktur.</p>	
--	--	--	--

## Vurdering

### Hovudformål

Framlegget til reguleringsplan er i tråd med overordna plan, og rådmannen sluttar seg til hovudgrepet i planforslaget.

### Kyrkjegard

Reguleringsplanen legg opp til ei utviding av Meland kyrkjegard som vil dekke kommunen sitt behov for gravplasser i lang tid. Ettersom utvidinga rommar både kistegraver, urnegraver og namna minnelund vil planen gjere fleire typar gravlegging tilgjengeleg enn det finst i dag.

Ved å byggje ny tilkomstveg til øvre del av gravplassen med tilhøyrande parkeringsplass vil både dagens og framtidig gravplass bli meir tilgjengeleg for besøkande og gravfølgjer. Det er ein stor styrke at den nye vegtilkomsten også løyser utfordringar med tilgjenge som eksisterande gravplass har i dag.

### Veg og trafiksikring

Planframlegget regulerer også inn ei omlegging av Bjørnestadvegen. Omlegginga er viktig for å sikre tilkomsten til bebuarar på Bjørnestad. I situasjonar med mykje trafikk grunna større samankomster i kyrkja har det vert utfordringar med framkomelegheit for bebuarane. Omlegginga var også ein del av den opphavlege reguleringsplanen, men har ikkje blitt bygd. Rådmannen vurderer at omlegginga vil gje betra trafikktryggleik i område ettersom det vil gje ein enklare trafikkavvikling og ein unngår konflikt mellom besøkande og fastbuande. Sjølv om gravplassen vert utvida, legg ikkje planen opp til ei trafikkauke på fv. 244.

### Særskild om veg – o SV3 – varsel om motsegn

I dialogmøte 16.08.2019 der Statens vegvesen og Hordaland Fylkeskommune møtte kommunen, vart det ikkje semje mellom Hordaland fylkeskommune og Meland kommune om omlegginga av Bjørnstadvegen (o SV3) nord for eksisterande gravfelt. Fylkeskonservatoren vurderer at den planlagde omlegginga av Bjørnstadvegen vil medføre ei oppstyking av samanhengen i kulturlandskapet, og medføre tap av kulturminneverdi. Fylkeskonservatoren meiner det bør vere mogleg å finne ei løysning for dagens gjennomkøyring, som betrar tilhøva mellom vegtrafikk og fotgjengarar forbi Meland kyrkje, slik at ein ikkje treng å leggje om vegen og råke ved kulturverdiane på kyrkjestaden.

Meland kommune orienterte om dagens tilhøve og synte til at det er naudsynt å leggje om Bjørnstadvegen til nord for dagens kyrkje. Ved store seremoniar, som t.d. gravferd eller 17. mai-feiring, kan ikkje bilistar passere gjennom kyrkjetunet på grunn av dei store menneskemengdene. Dagens Bjørnstadveg vert i praksis stengt ved større arrangement i kyrkja. Ved gravferder er området der Bjørnstadvegen går brukt av gravfølget – både ved følgje opp til gravplassen og ved følgje rundt bære-bilen. Å rydde opp i dette var óg noko av intensjonen i den gamle planen. Med omsyn til konsekvensane for estetikken ved omlegging av vegen nord for kyrkjegardsmuren, foreslår kommunen at ein kan leggje inn føresegn med krav om estetikk og tilpassing til kulturmiljøet for vegen.

Planseksjonen v/ HFK vurderte at fylkeskommunen, på bakgrunn av kva som har kome fram i dialogmøte, framleis vil kome med motsegn. Dette sjølv om vegtraséen er del av vedteken reguleringsplan, og vidareført i gjeldande kommuneplan. Dette med heimel i PBL § 11-8 tredje ledd bokstav f, som seier at ved bruk av omsynssone «H190 – Reguleringsplan skal framleis gjelde», skal kommunen vurdere planen opp mot nasjonale og regionale interessar. Då Meland kyrkje er listeført, er den å sjå som av nasjonal interesse og freda. Ein synte også til Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin reguleringsplanrettleiar, som syner til at ved endring av eldre planar bør ein endre på heile planen og ikkje berre deler av den.

Statens vegvesen vurderte omlegginga av Bjørnstadvegen som eit tiltak som ville kunne betre trafikktryggleiken rundt kyrkja og omsynet til mjuke trafikantar. Når det gjeld dei øvrige merknadene frå Statens vegvesen, vil eventuell oppheving av attverande del av den førre reguleringsplanen løyse situasjonen. Då vil avkjørsle- og tilkomstsituasjonen formelt vere knytt til gjeldande overordna vegstruktur.

### Landbruk

Areal nord for kyrkja som er sett av til omlegging av Bjørnstadvegen er i dag fulldyrka jord, men i gjeldande reguleringsplan er arealet sett av til vegføremål. Planframlegget legg ikkje opp til ytterligare omdisponering av landbruksjord utover det som allereie er opna for i gjeldande plan. Areal avsett til utviding av gravfelt i planforslaget er i hovudsak produktiv skog.

### Kulturminne og kulturmiljø

Planframlegget regulerer eit kulturmiljø beståande av fleire kulturminne. Dei registrerte kulturminnelokalitetane, med kyrkjestad frå mellomalderen, dagens kyrkje og eldre gardstun, inngår i eit verdifullt kulturhistorisk jordbrukslandskap. Kyrkja er saman med det eldste gravfeltet omfatta av omsynssone – bevaring kulturmiljø. Den same omsynssona omfattar Kyrkjestova (Gml. Kommunehuset).

### VA-rammeplan

VA løysingar er omtalt i VA-rammeplan av 12.4.2019 og skal leggjast til grunn for vidare detaljprosjektering.

### Miljø

Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller raudlista artar innanfor planområdet.

### Økonomi

Det er sett av midlar til Utviding av Meland kyrkjegard som eit eige prosjekt i økonomiplan investeringar.

### Folkehelse

Tilkomst til gravplassen vert no universelt utforma, og planen vert tilrettelagt for ei meir trafikksikker løysing både for tilkomst til kyrkja, og for besøkande til gravplassen.

### Erverv

Kommunen har allereie erverva areal til omlegging av Bjørnestadsvegen, men det vert behov for noko meir erverv, grunna at vegen er regulert litt annleis no enn i eksisterande plan ved påkopling til fv. 244 og privat veg Bjørnestadvegen. Ny vegtilkomst til øvre platå av gravplassen vil også krevje noko grunnerverv.

### **Oppsummering**

Føresegnene er oppdatert i tråd med merknadene. VA-rammeplanen skal handtere avrenning, avløp og vassforsyning, og vil imøtekomme dei private merknadene. ROS-analysen er oppdatert. For å ta hand om dei resterande krav frå Hordaland fylkeskommune når det gjeld den gamle, automatisk freda mellomaldrekyrkjegarden, bør prosessen med oppheving av resterande delar av gjeldande reguleringsplan for Meland kyrkjegard startast så snart som råd er. Då vil merknadene frå Statens vegvesen også vere imøtekomne.

### Varsel om motsegn frå Hordaland fylkeskommune:

For rådmannen sin del er det eit mål å ferdigbehandle reguleringsplanen for Meland kyrkjegard før kommunesamanslåinga. Kommunestyret har sitt siste ordinære møte 25. september. Motsegna mot omlegging av Bjørnestadvegen var ikkje venta, då omlegginga har vore planlagt i lengre tid og innspel om at dette var problematisk ikkje kom i oppstartsfasen. Det er derfor ikkje teke høgde for ein ekstra prosess omkring dette.

Eventuell motsegn frå Hordaland fylkeskommune når det gjeld omlegging av Bjørnestadvegen, blir fremja av administrasjonen i Hordaland Fylkeskommune til utval for kultur, idrett og regional utvikling i møte 11. september, som avgjer om det skal fremjast motsegn eller ikkje. Sluttbehandlinga av reguleringsplanen kan derfor ikkje gjerast før eventuell motsegn er avklart.

Dersom motsegn blir fremja, må kommunestyret ta stilling til handteringa av den. Det kan kommunestyret gjere i møte 25. september, og evt vurdere om det er grunnlag for meklingsmøte med endeleg behandling i Alver kommunestyre. Dersom motsegn ikkje blir fremja, kan Meland kommunestyret sluttbehandle reguleringsplanen 25. september.

Spørsmålet er om Utval for drift og utvikling si behandling av planframlegget også må utstjast. Rådmannen har same innstilling til planframlegget uavhengig av evt motsegn. Rådmannen meiner at Bjørnestadvegen slik den ligg i dag, er ei barriere mellom kyrkja, samlingsplassen utanfor kyrkjebygget og sjølve gravplassen. Det er mogeleg å legge Bjørnestadvegen inntil steingarden nord for kyrkja, reparere steingarden som er noko øydelagt i dag og handtere veg og vegetasjon på ein slik måte at opplevinga av kyrkjeområdet og kyrkjestaden i ein heilskap ikkje blir øydelagt. Kommunen har tillit til fylkeskonservatoren sin faglege ståstad og ansvaret for kulturminneinteressene, men rådmannen meiner at i dette tilfellet må omsynet til bruken av kyrkja veie tyngst. Seremoniane knytt til bryllaup, dåp og gravferder bør ha ytre rammer som ikkje kjennes utrygge og splittande. Det er

ingen andre kyrkjer i Meland.

Saksframlegget vil derfor vere det same. Prosessen ved evt motsegn blir avklart med kommunestyret. Utval for drift og utvikling står likevel fritt til å vurdere utsetting av saka i påvente av endeleg tilbakemelding frå fylkeskommunen.

#### **Framlegg til vedtak:**

Meland kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Meland kyrkjegard, planid. 1256 2018 0002, som vist på plankart med siste revisjonsdato 18.03.2019 og med reguleringsføresegner av revisjonsdato 12.04.2019. Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova § 12-10.

Arbeid med oppheving av attverande del av reguleringsplanen for Meland kyrkje og gravlunder med omegn i Meland kommune, vedteke 05.02.1992, blir starta i medhald av plan- og bygningslova kapittel 12, jf § 12-14.

#### **Utval for drift og utvikling - 79/2019**

##### **UDU - behandling:**

##### **UDU – samrøystes framlegg til vedtak:**

Meland kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Meland kyrkjegard, planid. 1256 2018 0002, som vist på plankart med siste revisjonsdato 18.03.2019 og med reguleringsføresegner av revisjonsdato 12.04.2019. Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova § 12-10.

Arbeid med oppheving av attverande del av reguleringsplanen for Meland kyrkje og gravlunder med omegn i Meland kommune, vedteke 05.02.1992, blir starta i medhald av plan- og bygningslova kapittel 12, jf § 12-14.

#### **Kommunestyret - 48/2019**

##### **KS - behandling:**

Ordførar orienterte om at det er fremja motsegn frå fylkeskommunen.

##### **Framlegg til vedtak frå Øyvind H. Oddekalv, AP:**

Meland kommunestyre finn ikkje å kunne imøtekomme motsegn frå Hordaland fylkeskommune v/ Utval for kultur, idrett og regional utvikling m.o.t. omlegging av Bjørnestadvegen. Endeleg behandling av reguleringsplanen for Meland kyrkjegard, planid. 1256 2018 0002, som vist på plankart med siste revisjonsdato 18.03.2019 og med reguleringsføresegner av revisjonsdato 12.04.2019, blir utsett til det er halde meklingsmøte i tråd med plan- og bygningslova § 5-6.

Arbeid med oppheving av attverande del av reguleringsplanen for Meland kyrkje og gravlunder med omegn i Meland kommune, vedteke 05.02.1992, blir starta i medhald av plan- og bygningslova kapittel 12, jf § 12-14.

**Avrøysting:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 0 røyster for, 27 røyster mot, og fall.

Framlegg til vedtak frå Øyvind H. Oddekalv vart samrøystes vedteke.

**KS – samrøystes vedtak:**

Meland kommunestyre finn ikkje å kunne imøtekomme motsegn frå Hordaland fylkeskommune v/ Utval for kultur, idrett og regional utvikling m.o.t. omlegging av Bjørnestadvegen. Endeleg behandling av reguleringsplanen for Meland kyrkjegard, planid. 1256 2018 0002, som vist på plankart med siste revisjonsdato 18.03.2019 og med reguleringsføresegner av revisjonsdato 12.04.2019, blir utsett til det er halde meklingsmøte i tråd med plan- og bygningslova § 5-6.

Arbeid med oppheving av attverande del av reguleringsplanen for Meland kyrkje og gravlunder med omegn i Meland kommune, vedteke 05.02.1992, blir starta i medhald av plan- og bygningslova kapittel 12, jf § 12-14.